


ISFLAKET



Polaric

I denne utgåva av Isflaket:

Egset – brørne på «Polarbjørn»
Danmark-ekspedisjonen 1906-08
Selsom julekveld i polarlandet

Skuter som forliste – «Ungsel»
Frå bokhylla – The Trapper Era
Frå samlingane – historien om en kano

Frå arkivet – På jomfrutur til Kvitesjøen

Kefirmjolk og sviskegraut

ISFLAKET

Redaksjon:

Redaktør Webjørn Landmark, e-post ishav@frisurf.no

Havtor Hofset

God Jul til alle!

Isflaket kjem her med si fjerde og siste utgåve i 2008. Vi har hatt mange trufaste og dyktige skribentar med oss gjennom året. Vi vonar at dei alle vil vere med oss også neste år og levere spanande stoff om det barske polare virke.

Magnus Sefland har vore trufast i mange år og delt med oss av si utrulege interesse for ishav og polar historie. I denne utgåva av bladet har han ført i pennen ein stor og flott artikkel om brørne Kristian og Jon J. Egset frå Volda. 'Egset-karane på 'Polarbjørn'' er eit omgrep i historia om ishavsdrifta frå Sunnmøre. I Sefland sin fyldige artikkel får vi god kjennskap til både Egset-brørne og *Polarbjørn*.

Tidligere fangstmann Per Johnson har forfatta ein interessant artikkel om Danmarks-ekspedisjonen frå 100 år tilbake, 1906-08. Vi er fortsatt i det Internasjonale Polarår, og det er 100 år sidan leiaren av denne ekspedisjonen, Mylius Erichsen, døde saman med sine nære medarbeidarar Høegh Hagen og Grønlanderen Jørgen Brønlund.

I serien *Skuter som forliste* har vi kome fram til nr. 13. Sigbjørn Røren har denne gongen funne fram sjøforklaringa til *Ungsel* frå Tjørvåg som forliste i 1934.

Denne fylgjer vi opp med ein artikkel *Frå arkivet* om jomfruturen til nettopp denne skuta, då under namnet *Horgeffjord* tilhøyrande i Hjörungavåg. Her får vi også vite at denne skuta har sokke heile tre gongar.

Ivar Ytreland har i spalten *Frå bokhylla*, bokanmeldt den engelske versjonen av boka Nordøst-Grønland 1908-60, The Trapper Era.

I spalten *Frå samlingane* presenterer vi historien om en kano, og får vite korleis det har gått til at nettopp denne kanoen har funne vegen frå Grønland til Ishavsmuseet. Det er Jan P. Jansen som fortel om dette.

Også denne artikkelen fylgjer vi opp med ein artikkel frå Fædrelandsvennen frå 1957, forfatta av Jan Henrik Jansen, som har fått tittelen Selsom julekveld i polarlandet.

Helge Ødegård fortel om korleis det var og drikke kefirmjølkk frå eit 200 liters eikefat på ein fangsttur. Vi kan røpe at innhaldet i fatet gjekk frå å vere kefirmjølkk til å verte surmjølkk i løpet av turen. Han fortel også ei artig historie om då maskinisten stjal sviskegraut frå provianten til stuerten.

Vi vonar at her skulle vere lesestoff for ein kvar smak, og ønskjer alle lesarane våre ei rettelig God Jul og eit Godt nytt år!

Brandal 10.12.08, Webjørn Landmark, redaktør.

Isflaket er laga på maskinutstyr levert av



Tlf: 70158020 Faks: 70158030

Ishavsmuseets Venner, 6062 BRANDAL

Egset – brørne på *Polarbjørn*

Av Magnus Sefland

Kristian og Jon J. Egset

'Egset-karane på *'Polarbjørn''* er eit omgrep i historia om ishavsdrifta frå Sunnmøre. Omgrepet omfattar i første rekkje brørne Kristian og Jon J. Egset frå Morkabygda i Volda, sjølv om også andre frå Morkabygda segla med *Polarbjørn*.

Ishavsskuta *Polarbjørn* av Brandal vart mykje brukt som ekspedisjonfartøy i arktiske strøk. Med på desse ekspedisjonane var ei rekkje kjende forskarar, administratorar, forfattarar, journalistar, turistar og kunstnarar - dei fleste svært skriveføre folk. I bøker og andre skriftlege framstillingar har desse skribentane gitt mannskapet på *Polarbjørn* rosande omtale. Begge Egset-brørne har fått omtale i litteraturen.

Etterkomarar som har materiale etter dei to i si varetekt, har vore velvillige informantar. Men sjøfartsbøkene til det to - med nøyaktige opplysningar om fartsområder, år og datoar - har det ikkje lukkast å oppspore.

Egset-slekta

Kristian og Jon J. Egset var søner av Johan K. Egset og kona Marie, fødd Molvær.

Sønene vaks opp på bruket Furulund på Ekset -

Kristian som nummer to og Jon som nummer fem i ein syskenflokk på sju.

Desse hadde fleire syskenborn som også dreiv fiske og ishavsfangst. Ein av dei, Karl Egset, slo seg ned i Canada. Johan K. Egset hadde eigen motorbåt og dreiv fiske og skyssing på fjordane (Aarviknes 1970). Då Johan slutta, overtok Sivert Lid skyssinga.

KRISTIAN J. EGSET

1903-84.

Stuerten

Familie og heim

Kristian tok stuertutdanninga si ved stuertskulen på Nordnes i Bergen. Han var ferdig der i 1920 og tok eksamen med godt resultat. Han fekk hyre på ishavsskuta *Ishavet*, som det meste av 1920-åra tilhørde ishavsreiar Johan Thorvik i Ålesund (P. K. Egset: Personleg fråsegn).

Vi veit ikkje sikkert når Kristian begynte om bord i *Ishavet*. Kristoffer Marø var skipper om bord i *Ishavet* heile 1920-talet, fram til og med 1929. Ein eller annan gong i den bolken begynte Kristian om bord i *Ishavet* og innleidde eit langvarig samarbeid med Kristoffer Marø. Då Marø i 1930 gjekk over til *Polarbjørn*, ser det ut til at Kristian følgde Marø (Ishavsmuseet: Fartøyregister).

Kristian gifte seg med Ingrid Åsheim, fødd i 1904, også ho frå Morkabygda. Dei fekk borna Bjarne f. 1927, Margot f. 1929, Per f. 1932 og Jarle f. 1934 (Aarviknes 1971).

Kristian og Ingrid bygsla tomt og bygde seg bustadhus på Øyra, på prestegarden sin grunn, i 1932. Eigedomen låg ved den dåverande Austefjord-vegen, rett overfor vegen for Volda Mek. Verkstad, med slipp og motorfabrikk. Der hadde dei sokneprest Hans Strøm sin helsebrønn frå 1700-talet som nær granne. Nære grannar var også Konstane og Petter Håskjold. Petter var sjømann. Under andre verdskrig segla han i utanriksfart. Han miste livet i ein eksplosjon i Algerie i 1943. Son deira, Hans, segla som messegut på *Polarbjørn* medan Kristian Egset var stuert der. Hans Håskjold og Ingrid Åsheim Egset var syskenborn (Aarviknes 1970; 1971).

Då Volda Mek. Verkstad trong å utvide industrianlegget og slippet på 1960-talet, måtte vegen til Austefjorden leggjast om og flyttast lenger opp på prestegardsjorda. Heimane til

familiane Egset og Håskjold vart også flytt, slik at husa også etter flyttinga vart ståande ovanfor den nye vegen. Området ved helsebrønnen vart regulert inn i verkstadarealet (P. K. Egset: Personleg fråsegn).



Kristian J. Egset med familie tidleg på 1950 talet. Sitjande: Ingrid og Kristian. Ståande frå venstre: Jarle, Margot, Bjarne og Per. (Bilde: Per K. Egset).

John Giæver om Kristian J. Egset

Knapt nokon stad vart det laga mat under så vanskelege omstende som i byssa på ei ishavsskute. For å unngå at isen skal få tak i skrog og skrue skutene ned, er ishavsskutene rundare i botnen enn dei fleste andre fartøy. Dette gjer ishavsskutene meir utsette for slingring enn mange andre fartøy. I blant var det dårleg med ferskvatn om bord i skutene, - lite vatn og ofte dårleg vatn. Dei som skulle mettast, gjekk i tungt kroppsarbeid - utan regulert arbeidstid. Å lage god og nærande mat under slike omstende, var ei krevjande oppgåve.

Polarforskaren, fangstmannen og forfattaren John Giæver segla saman med Kristian Egset på *Polarbjørn* på både fangst og ekspedisjonar både før og etter andre verdskrig. I boka *Hardbalne polarkarar* gir Giæver denne omtalen av Kristian Egset i kapittelet 'Akrobater og mestekokker':

'--- En god stuert betyr mer på Ishavet enn ellers i verden. Uten vel tillagd og variert mat klarer ikke karene å yte det dauslitet som kreves i fangsten der nord. Sjøl har jeg stampet ombord etter en lang dags knog på isen, - og der sto Egseth smilende i sin kvite jakke på et skip som ellers flaut av blod. Ham var vi sikre på. Han skuffet aldri. Vi var over tjue mann ombord i tre måneder, men hver lørdag var det eplepai etter silda, hver søndag kaker til kaffen og alle dager godt humør fra morgen til sein kveld. Av ham skryter alle fangstfolk, vitenskapsmenn og mondene turister. Ja, sant å si så var stuert Egseth en særdeles behagelig overraskelse for mangen en forvent kresenpinn som dro på tur med mismot i sinn og hermetikk i kofferten. Og det var en ung baron (uten hermetikk) som uttrykte det slik: Den karen er sju jævlar en kokk! Vad var Egyptens grytor imot hans bulkade panna! Og en

medbrakt tysker snavlet "grossartig"! Han kunne saktens, - for han ble rund og fredelig på den turen. Dette var Egseth fra Volda. ---' (Giæver 1957).

Om Polarbjørn

Den *Polarbjørn* det er snakk om her var den første i ei rekkje ishavsfartøy som har bore det tradisjonsrike skutenamnet *Polarbjørn*. Skuta fekk kutterfasong og vart bygt av tre ved Nils Jakobsen sitt skipsbyggeri i Narvik og sjøsett i 1919. Dimensjonane var 123 ft / 326 brutto registertonn. Som nybygg fekk skuta ein Atlas dieselmotor på 160 hk, seinare ein ny dieselmotor av same fabrikat på 360 hk. Framdriftsmaskineriet gav skuta ei enkel og reinsleg bunkershandtering og stor aksjonsradius. Dette gjorde skuta godt eigna for ekspedisjonar. Skuta hadde stadig skiftande eigarar og gjekk gjennom fleire konkursar i 1920-åra.

I 1930 vart *Polarbjørn* kjøpt til Brandal av ishavsreiarane Peter S. Brandal og Martin Karlsen. Reiarlaget deira hadde hand om skuta heilt til ho forliste etter brann i maskinrommet på fangstfeltet ved Newfoundland i 1949 (Ishavsmuseet: Fartøyregister).



Ishavsskuta *Polarbjørn* på slutten av 1930-talet. (Bilde: Ishavsmuseet)

1930-åra

Etter at *Polarbjørn* frå 1930 vart heimehøyrande i Brandal, var ho årvisst på fangst i Kvitsjøen eller Vestisen, somme sesongar begge felt, alt etter korleis det høgde med isen og dyra. Forholda i Kvitsjøen vart utover 1930-talet vanskelegare - færre dyr og strengare regulering frå sovjetisk side. Dette gjorde at norske ishavsreiarar søkte mot fangstfeltet ved Newfoundland. Feltet vart opna i 1938. Til den lange overseglinga var dampdrivne skuter lite aktuelle. Brandal-skutene *Polarbjørn* og *Polaris* hadde begge forbrenningsmotor og vart plukka ut til fangstekspedisjonen. Skipper Kristoffer Marø på *Polarbjørn* vart utpeika som ekspedisjonsleiar. Stortinget gav ein statsgaranti for ekspedisjonen i tilfelle underskot.

Resultatet av ekspedisjonen vart så godt at det ikkje var nødvendig å nytte seg av garantien.

Norges Svalbard- og Ishavsundersøkinger (NSIU), også kalla 'Svalbard-kontoret', var forgjengar for Norsk Polarinstitutt. Namnet vart endra og arbeidsområdet utvida i 1948. Saman med Arktisk Næringsdrift A/S brukte instituttet *Polarbjørn* som ekspedisjonsfartøy på sommarekspedisjonar til Nordaust-Grønland, Jan Mayen og Svalbard. *Polarbjørn* var til Nordaust-Grønland i åra 1931-33 og 1937-39. I 1936 var skuta på kartlegging og opplodding ved Svalbard. I åra 1931 og 1932 vart ekspedisjonane til Nordaust-Grønland omfatta med ekstra interesse på grunn av den norske annekteringa av Eirik Raudes land i 1931. I 1932 hadde *Polarbjørn* med to fly som vart brukt til fotografering og kartlegging i det annekterte området (Ottesen 2001).

I 1933 gjekk *Polarbjørn* om Svalbard på avløysingsekspedisjonen til Nordaust-Grønland. På Kapp Linne ved innløpet til Isfjorden sette *Polarbjørn* på land material, utstyr og eit arbeidslag på elleve mann. Arbeidslaget etablerte og bygde ut Isfjord fyr og radio. Ingeniør Sverre Aasebø frå Volda deltok i arbeidet som spesialist på oppsetjing av fyrlykter. *Polarbjørn* gjekk vidare til Nordaust-Grønland etter utlossinga på Svalbard. I løpet av to månader bygde arbeidslaget fyr og radiostasjon på Kapp Linne og sette opp lykter ved Grønfjorden og Adventfjorden, før laget returnert til Norge med ein kolbåt (Orvin 1934).

Mot slutten av 1930-åra tok *Polarbjørn* også med turistar og mediafolk, i tillegg til forskarar, radiotelegrafistar og fangstfolk på ekspedisjonsturane - så langt der var plass om bord.

På ekspedisjonsturen til Nordaust-Grønland i 1937 grunnstøytte *Polarbjørn* på ei sanddyne i Youngsundet og kom seg ikkje av med eiga hjelp. *Veslekari* av Vartdal, skipper Johan Olsen, var på ekspedisjonstur i same farvatnet for den amerikanske forskaren Louise A. Boyd. *Veslekari* kom til og drog *Polarbjørn* fri frå sanddyna. Maskinist på *Veslekari* var Peder A. Strand frå Volda.

Etter krigen var *Polarbjørn* igjen til Nordaust-Grønland på ekspedisjonsoppdrag i åra 1946-48.

På ekspedisjonsturane hadde *Polarbjørn* med folk av nesten alle kategoriar: overvintrande fangstfolk på både utreise og heimtur, radiotelegrafistar, forskarar, byråkratar, studentar, pressefolk, forfattarar, kunstnarar, betalande turistar og andre. Kor mange ekspedisjonsfolka var, varierte ein del. Det var heller ikkje lett å forutsjå kor mange som vart med på heimturane. Overvintrarar som hadde planlagt heimreise, ombestemte seg av og til i siste liten for å ta ei overvintring til. Andre hoppa på heimreise, utan at det var planlagt og avtalt. Når det skulle skiftast radiotelegrafistar i Myggbukta, vart det ikkje alltid påmønstra fast telegrafist på skuta.



På selfangst med *Polarbjørn* ca 1931. Frå venstre: Myklebust (ukjent førenamn), kristian J. Egset og Knut Nakken. (Bilde frå Kristian Egset sitt fotoalbum, ved Margot Velsvik).

Påtroppande telegrafist gjorde teneste på utreisa, avtroppande på heimreisa.

Alt i alt var det oftast nokså fullt om bord. I tillegg til dei faste køyene vart det til ekspedisjonane teke om bord ekspedisjonshus som vart plassert på dekk på kvar si side av frammasta.

Dette auka talet på køyplassar til 42. Likevel var ikkje dette alltid nok. På ekspedisjonsturen i 1932 var der 54 personar om bord. Folk sov blant anna på benkane i salongen og i soveposar i livbåtane på galgedekk (Arnesen 1932).

Ein del namn blant ekspedisjonsfolka var slike som i seinare tider ville ha gått inn under nemninga 'kjendis'. Blant desse var fangstmann, polarforskar og forfattar John Giæver, filmskapar og forfattar Per Høst, medisinprofessor og krigshelt Kåre Rodahl, glasiologiprofessor Hans W:son Ahlmann, journalist og forfattar Nils Johan Rud og fangstmann Henry Rudi - isbjørnkongen.

I samband med den norske annekteringa av Eirik Raudes land i juni 1931 var journalistane Bjarne Høye (Tidens Tegn), Axel Kielland (Dagbladet) og Halvdan Hydle (Aftenposten) med på ekspedisjonen til Nordaust-Grønland seinare same sommaren. Dei laga reportasjar om annekteringa på staden. Helge Ingstad - jurist, fangstmann, arkeolog og forfattar - vart i 1932 konstituert som norsk sysselmann i Eirik Raudes land. Den funksjonen hadde han inntil Haag-domstolen eit år seinare avgjorde at Norge ikkje hadde territoriale rettar på Nordaust-Grønland. Ingstad reiste både til og frå Nordaust-Grønland med *Polarbjørn*. Odd Arnesen om Ingstad:

'- *En sporty kar som aldri føler sig for stor til å ta selv den minste jobb. Ombord var Helge Ingstad meget populær, han vant alle for sig – ikke bare hans fangstkamerater, men også mannskapet og vi andre likte ham vel. Gjaldt det å lange bømter med vann om bord i "Polarbjørn" fra floren vi hadde gjort fast til, så var Ingstad å finne på sin plass i rekken av håndlangere. –*' (Arnesen 1932).

John Giæver, Adolf Hoel og Anders Orvin – alle tre i leiinga av NSIU - skifte på å vere med som ekspedisjonsleiarar.

Alt folket om bord trong mat – om enn i litt varierende omfang, mykje avhengig av sjøgang og sjøsykje. På ekspedisjonsturane hadde *Polarbjørn* vanlegvis tre mann i byssa: Stuert, kokk og messegut. Kristian Egset hadde hovudansvaret for kosthaldet til både ekspedisjonsfolk og skipsmannskap. Blant ekspedisjonsfolka var det mange svært skriveføre personar. Når dei i skriftlege arbeid nemnde reisene med *Polarbjørn*, gjekk kommentarane gjerne også i retning av at skuta hadde 'en rasende flink stuert' (Eigne notatar). Stuerter vart ikkje alltid nemnd med namn. Men stuerter som fekk slik og liknande omtale, var Kristian Egset. Ein av dei skriveføre – Odd Arnesen – formulerte seg slik om Kristian Egset og hans oppgåver under ekspedisjonsturen i 1932: '- *Det var fin-fine dager på Ishavet – rene sommerværet. Det er slett ikke noget å fortenke stuerter i at han er mindre begeistret for værgudene som har sloppet løs all denne solen og stillen på oss. Tenk bare hvad vi kunde spare av opvask til fire ganger 54 mann hver eneste dag, hvis vi bare fikk en del storm. –*' (Arnesen 1932).

1939

Den vellykka fangstturen til Newfoundland i 1938 gjorde at fleire skuter drog dit i 1939. *Polarbjørn* og *Polaris* fekk følgje av Brandal-skuta *Arktos*. Frå Nord-Norge tok fem skuter ut. Tre av dei - *Isfjell* frå Tromsø og *Nyken* og *Saltdalingen*, begge frå Gratangen - valde omlag same seglingsruta som sunnmørsskutene, sør om Island.

Nettopp der - sørvest av Island - kom skutene ut i orkan. *Isfjell*, *Nyken* og *Saltdalingen* forliste i uveret, *Nyken* med heile mannskapet på atten mann. Folka frå *Isfjell* vart berga av den svenske passasjerbåten *Drottningholm*, og *Polarbjørn* og *Polaris* tok i fellesskap opp folka frå *Saltdalingen* (Nordanger 1980). (Meir seinare)

I 1939 utførte *Polarbjørn* den årlege sommarekspedisjonen for NSIU og Arktisk Næringsdrift A/S. Turen gjekk om Svalbard til Nordaust-Grønland. Ekspedisjonleiar var John

Giæver senior. Som nygift hadde Giæver kona Oddbjørg med og brukte turen som bryllaupsreise (Giæver junior: Personleg fråsegn).

Reiaren for *Polarbjørn*, Martin Karlsen, og sonen Peter, var med på turen. Kvar gong Kristian Egset baud på ein ekstra godbit, følgde Martin Karlsen opp med spørsmål om også Peter hadde fått ein smak (A. Brandal: Personleg fråsegn). Ei rekkje andre, kjende personar var med. Blant desse var forfattaren Nils Johan Rud. Leiar for NSIU var dosent Adolf Hoel. Han brukte å be med ein kunstnar av eitt eller anna slag på sommarekspedisjonane når der var plass (Røer: Personleg fråsegn). I 1939 høvde det slik at Rud vart med.

Nils Johan Rud brukte opplevingane og inntrykka frå turen i romanen *Drivende grenser*. Romanen er av somme omtalt som ein 'heftig kjærlighetsroman'. *Polarbjørn* fekk i romanen namnet *Vesterveg*. Fleire personar i mannskapet og reisefølgjet kan kjennast igjen i romanen. Skipper Kristoffer Marø fekk namnet Peder Sula, og styrmann Knut Johannessen var modell for førstestyrmann Helge Aksla. Rud tok namn etter fjell i Ålesunds-området, enkelt og greitt. Giæver fekk namnet Mattis. Hermann Andresen fekk namnet Anders og Henry Rudi fekk namn etter Eirik Raude. Den kvinnelege hovudpersonen Norunn skulle drive botanisk samlararbeid. Modell for Norunn var den unge kvinnelege geologen Brit Hofseth. Byssepersonalet er i romanen nemnt berre med yrkestitlane stuert, kokk og messegut (Rud 1941). Byssepersonalet på *Polarbjørn* på grønlandsturen i 1939 var stuert Kristian Egset, kokk Hans Kleven og messegut Per Gundersen (Eigne notatar).

På turen fekk *Polarbjørn* ein propellskade i isen og måtte rikse seg heim over havet med redusert fart. Skuta kom til Ålesund 1. september 1939, dagen då Tyskland gjekk til angrep på Polen og starta andre verdskrig. Også i romanen er både propellskaden og krigsutbrotet kome med. Men i romanen forliste *Vesterveg* utanfor sunnmørskysten. Mannskap og ekspedisjonsdeltakarar rodde siste vegen til Ålesund i livbåtar - på den lagnadstunge datoen (Rud 1941).

Polarbjørn i Amerika under krigen

I april 1940 var *Polarbjørn* på fangst ved Newfoundland. Skipper var som vanleg Kristoffer Marø, og stuert var – like vanleg - Kristian Egset. På grunn av den tyske okkupasjonen av Norge var det ikkje aktuelt å returnere til Norge då fangsten var avslutta. Saman med dei fire andre norske fangsskutene vart *Polarbjørn* verande igjen i Amerika.

Karl Karlsen var eldste son til Martin Karlsen i Brandal. Karl tok seg allereie i mai 1940 over til Halifax for å administrere Brandal-skutene som vart igjen i Nord-Amerika etter fangsten. *Polarbjørn* heldt fram med ordinær selfangst alle krigsåra, med unntak av 1942. Elles var skuta i verksemd som fraktfartøy på strekninga New York-Boston-Halifax-St. John's (Marø: Notat). Det var ikkje mykje informasjon familien Egset heime i Volda fekk, men gjennom Martin Karlsen kom det einskilde signal om at Kristian var i live og hadde det bra.

Kontakten mellom familiane Karlsen i Brandal og Egset i Volda var imidlertid greiare. Peter Karlsen - den andre sonen til Martin Karlsen - budde på hybel hos familien Egset medan han gjekk på gymnas i Volda under krigen. Egset-gutane Per og Jarle henta ved til Peter Karlsen og tente seg litt pengar på det - ei ordning som var heller vanleg i skulebygda Volda (P. K. Egset: Personleg fråsegn).

I 1941 tok to båtar ut frå Volda til Shetland med flyktningar. Om våren drog *Glimt*, der Sivert S. Myhre var sentral i organiseringa. Om hausten drog Sula-båten *Haugen* i ein aksjon der Harald Klepp var sentral i organiseringa. I forkant av avreisa låg *Haugen* fortøyd ved Volda Mek. Verkstad. I siste fasen før avreisa søkte fleire av rømlingane - gjerne folk med tilknytning til skulemiljøet i Volda - tilhald på hybelen til Peter Karlsen i Egset sitt hus, høveleg nær Volda Mek. Verkstad og mylnekaia (Nerbøvik 1996; P. K. Egset: Personleg fråsegn).

På andre sida av havet var Kristian Egset i krigsteneste. Allereie sommaren 1940 beordra


den norske London-regjeringa *Polarbjørn* til å gå frå St. John's til Nordaust-Grønland med forsyningar til dei norske overvintrarane. I Myggbukta møtte dei *Veslekari*, som var send frå Norge av NSIU i same ærend. Midt i det tunge krigsalvoret fekk møtet mellom *Veslekari* og *Polarbjørn* i Myggbukta ein aldri så liten dâm av slekts- og grannestemme. Skipperane Kristoffer Marø (*Polarbjørn*) og Johan P. Brandal (*Veslekari*) var svograr. Stuert Kristian Egset (*Polarbjørn*) og maskinist Karl A. Strand (*Veslekari*) var begge sambygdingar frå Volda.

Då den såkalla låne- og leigeavtalen mellom USA og dei allierte landa i Europa kom i stand i 1941, vart det bruk for ein nordleg luftkorridor mellom Nord-Amerika og Storbritannia. Det måtte byggjast flyplassar i høveleg fråstand over Labrador, Baffin Land, Grønland, med samband til Island og Storbritannia. Det amerikanske militæret hadde bruk for isforsterka fartøy og mannskap som kunne isnavigasjon. Saman med andre fartøy vart *Polarbjørn* sett inn i fraktfart i samband med utbygging av dette sambandet. *Polarbjørn* sitt fartsområde strekte seg frå Halifax, via Newfoundland, Labrador, Hudson Bay, Baffin Land, Vest- og Aust-Grønland til Reykjavik. Denne trafikken varte heilt til krigen slutta. Til denne farten vart heile skuta måla i ein trist gråfarge, og ho fekk montert ei mitraljøre på akterdekket (Bøe 1990). *Polarbjørn* kom og gjekk så påliteleg at amerikanarane gav skuta nemninga '*the ship that always arrives*'.

Så langt vi kjenner til, var Kristian Egset med på det meste – truleg alt – i denne farten. Nøkkelpersonane i mannskapet var skipper Kristoffer Marø, maskinsjef Erling Breivik frå Ålesund og stuert Kristian Egset. Kristian laga mat og stelte vel med ei stor mengd folk som var med i denne verksemda - alt frå høge offiserar til forfrosne og utsvoltne skipbrotne og nedstyrta flymannskap som vart plukka opp i siste liten (Ishavsmuseet: Fartøyregister). Så vidt vi veit kom ikkje *Polarbjørn* ut i direkte kamphandlingar. Men i bolkar vart tyske ubåtar observert i *Polarbjørn* sitt fartsområde nær dei nordamerikanske kystane. I 1942 frakta *Polarbjørn* ein bombelast frå New York til St. John's. I dårleg ver med sjøgang tok bombene til å rulle fram og tilbake i lasterommet. Det skal ha vore eit nokså skræmmande arbeid å stabilisere bombelasten (Bøe: Personleg fråsegn).

Heim til Norge i 1945

Etter den tyske kapitulasjonen i mai 1945 kom det meldingar heim til Volda frå uteseglarar i alle verdsdelar. Kristian Egset telegraferte heim frå Halifax at alt stod vel til (Nerbøvik 1996). *Polarbjørn* vart verande i Amerika eit år til og kom heim etter newfoundlandsfangsten i 1946.



Ekspedisjonsfartøyet Minna. (Bilde: Ishavsmuseet).

Kristian Egset kom heim med *Minna* sommaren 1945. Karl Karlsen og Bernt Marø hadde kjøpt eit amerikanskbygd fartøy som dei hadde gitt namnet *Minna*. Bernt Marø førte *Minna* til Norge. Med den skuta kom det heim fleire som hadde segla ute alle krigsåra, blant dei også Kristian Egset saman med skipperane Kristoffer Marø og Peter P. Brandal og styrmann

Knut Johannessen (Skipsjournal, *Minna*; Ishavsmuseet: Fartøyregister).

Minna vart innklarert i Ålesund 20.07.1945. Ved det høvet var Sivert Lid til Ålesund med skyssbåten *Turist* og henta Kristian heim til Volda. Heile familien Egset, medrekna far til Kristian, var med på Ålesunds-turen. I Ålesund var Per K. Egset om bord i *Minna* og fekk smake appelsiner og bananer, noko som det ikkje var mogleg å få tak i i Norge under krigen. Då *Turist* kom tilbake til Volda med Egset-familien om bord, var der mange som helsa dei velkomne. Der var også fleire som gjerne ville få tak i amerikanske sigarettar (P. K. Egset: Personleg fråsegn).

Blant ishavsveteranane i Brandal vart det heilt fram til tusenårsskiftet snakka i rosande vendingar om den gode brødmaten som Kristian Egset baka av mjølet som *Minna* hadde med til det krigsslitne Norge (R. J. Brandal; Landmark: Personleg fråsegn). Omtalen høvde godt med andre utsagn og bygde vidare opp det ry som Kristian Egset hadde som ein uvanleg dugande stuert.

Mjøllasten på 60 tonn vart innlasta i Halifax, og det meste av mjølet vart lossa på Gomalandet i Kristiansund (Skipsjournal, *Minna*).

Kristian Egset og Bernt Marø var i fredsåret truleg vel forlikte. Men visse uver hadde vel også dei hatt seg i mellom om bord i *Polarbjørn* - slik John Giæver skriv: '*--- Fra hine svarte hundevakter nord i havet, da jeg og andre stratenrøvere tok hærfang i stersens delikatesser. Som den gang for eksempel Knut og Bernt og jeg pisket krem av stjålet boksemelk på styrehustaket i 20 graders kulde, og krydret kremen med mandeldråper. Og et lokalt uvær falt over oss i form av stuert Egseth i underbukser. Straffen var at vi måtte ete svineriet. Slike opplevelser merker en mann og fostrer komplekser. For relativt kvite spøkelses og alt som smaker av mandel. ---*'. (Giæver 1957). (Knut og Bernt var etter alt å dømme styrmann, seinare skipper Knut Johannessen og skipper Bernt Marø).

Polarstar

Første tida etter krigen heldt Kristian fram som stuert på *Minna*, fram til mai 1946. I den tida gjekk *Minna* i fraktfart i samband med gjenreisingsarbeidet i Finnmark (Skipsjournal, *Minna*). *Polarbjørn* kom heim til Norge våren 1946, etter seks år i Amerika. Kristoffer Marø førte *Polarbjørn* til Nordaust-Grønland på avløyings ekspedisjon sommaren 1946. Kristian Egset var med som stuert (O. M. Brandal: Personleg fråsegn). I følge Per K. Egset begynte Kristian som hjelpearbeidar ved Volda Mek. Verkstad rundt 01.11.1946.

Vi veit ikkje sikkert kva Kristian gjorde i 1947 og første del av 1948. Mest truleg var han på sin gamle plass som stuert på *Polarbjørn*. Hausten 1948 var Kristian med å ta ut nyeskuta *Polarstar* frå byggeverkstaden i Port Glasgow i Skottland. Tanken om ei større ishavsskute av stål var truleg framme hos Martin Karlsen og Kristoffer Marø allereie i god tid før krigen. Men nettopp krigen gjorde at planane måtte utsetjast. Først i 1948 vart skuta bygt. Ved uttaket av *Polarstar* var Kristoffer Marø skipper, Sigurd Heggem maskinsjef og Kristian Egset stuert. Reiarane, Martin Karlsen og Peter Karlsen, var høvesvis lettmatros og smørjar. Skipsingeniørar og skipsmeklarar frå Bergen som hadde teke del i prosjektering av skuta, var også med. Alle var visstnok ikkje heilt sikre på kva funksjonar dei eigentleg hadde om bord, somme av dei hadde visstnok ikkje gått vakter. Men summen av maritim kompetanse om bord var overtydande nok. Og så hadde den turen berre eitt einaste formål, nemleg å flytte den nybygde skuta frå Skottland til Liaaen i Ålesund for vidare klargjering der (Bøe 2003).

Polarstar var på fangst ved Newfoundland første gong i 1949. Kristian Egset var med der som stuert - venteleg i ei noko rommelegare bysse enn den han var van med frå *Polarbjørn*. 1949 var året då den same *Polarbjørn* vart øydelagt i brann i isen ved Newfoundland. På tidspunktet for brannen hadde *Polarstar* teke full last og forlate feltet (Nordanger 1980). Kristian Egset slapp å sjå at *Polarbjørn* - hans gamle arbeidsplass og heim gjennom mange år - gjekk opp i røyk.

Nedtrapping

Ved uttaket av *Polarstar* i 1948 var Kristian Egset rundt 45 år gammel. Kor lenge han stod om bord i *Polarstar*, er også ukjent. Men etter ein del år – kanskje ein gong i første halvdel av 1950-talet - gjekk han i land og heldt fram i faget sitt som styrar og kokk ved fabrikkmessa ved fabrikkane i Brandal (Eiken; Eliassen; Røyset; Skarbakk: Personleg fråsegn). Han arbeidde ved messa gjennom ei årrekkje. Mange informantar i Brandal hugsar Egset godt frå den tida, og alle har rosande ord å seie om både mannen og arbeidet han utførte. Alle informantane held fram at han arbeidde der gjennom mange år. Men ingen av dei torer å nemne nøyaktige årstal for tida hans ved fabrikkmessa. Somme av dei meiner han var i arbeid der til tidleg på 1960-talet, kanskje eit godt stykke ut på 60-talet. Men vi manglar nøyaktig dokumentasjon.

Det var ikkje utan grunn at John Giæver omtalte ishavsstuertane som akrobatar og meisterkokkar. For ein mann som Kristian Egset, med eit langt yrkesliv bak seg i ein slik bransje, var det truleg ei naturleg nedtrapping til pensjonisttilværet å få nokre arbeidsår på stødigare underlag.

I 1972 var ein tilreisande skuleelev frå ytre søre Sunnmøre på leiting etter hybel i Volda. Han gjekk frå hus til hus og spurde etter husrom. Hos Egset sine fekk han napp – og vart buande der i seks år. Kristian hadde ord på seg for å vere '*en meget dyktig stuert med stil!*' (Ytreland: e-post). På heimebane viste Ingrid og Kristian Egset seg som mønstergyldige hybelvertar.

JON J. EGSET

1915-81

Fangstmannen og redningsmannen

Ut i arbeidslivet

Jon Egset var tolv år yngre enn broren Kristian. Jon måtte, som vanleg var, tidleg ut i arbeid. Han fekk ingen skulegang utanom grunnskule. Men han hadde likevel sterke boklege interesser. Han likte bøkene til Helge Ingstad. Naturleg nok – vi har grunn til å tru at Jon var i mannskapet på *Polarbjørn* då Ingstad reiste til og frå Nordaust-Grønland med skuta tidleg på 1930-talet. I seinare år likte Jon godt fjernsynsforedraga til professor Francis Bull om Ibsen, Bjørnson og andre. I tillegg til den naturlege tilknytninga til sjøen likte han også turar i skog og fjell. Elles var Jon sosial på ein litt stillfarande måte. Han ønskte ikkje merksemd om sin eigen person (M. E. Haug: Personleg fråsegn).

Jon begynte på ishavet som femtenåring, første tur truleg i Kvitsjøen med *Polarbjørn* i 1931.



Jon J. Egset og Kristian J. Egset om bord i Polarbjørn tidleg på 1930-talet. (Bilde frå Kristian J. Egset sitt fotoalbum, Margot Velsvik). Skipper var Kristoffer Marø, og førsteskyttar var grønlandsovervintraren frå 1909/10, Vebjørn Landmark.

Per Høst var med som selforskar. Desse karane, i tillegg til storebror stuert Kristian, kunne gje Jon ei solid innføring i ishavlslivet.

Jon var truleg på ishavet nokså jamnt i løpet av 1930-talet. I bolkar var han i arbeid som kokk hos bror Kristian på *Polarbjørn*. Vi manglar haldepunkt for kor ofte og kor lange bolkar

i gongen han var i verksemd der. Ut frå blant anna fotografi har vi grunn til å rekne med at Jon begynte som messegut eller kokk allereie i tenåra, det vil seie tidleg i 1930-åra. Ei mannskapsliste for sommarekspedisjonen til Nordaust-Grønland i 1938 viser at alt byssepersonalet kom frå ein og same familie i Morkabygda i Volda: stuert Kristian J. Egset, kokk Jon J. Egset, messegut Ivar Åsheim (Ishavsmuseet: Fartøyregister).

I 1936 var Jon med *Polarbjørn* på opplodding og kartlegging ved Svalbard (M. E. Haug: Personleg fråsegn). Ekspedisjonsleiar var leiaren i NSIU, Adolf Hoel. Ekspedisjonen hadde med eit fly til flyfotografering. På turen gjekk *Polarbjørn* på grunn i Forlandssundet, men kom seg av igjen med eiga hjelp. På den turen frakta *Polarbjørn* heim ei demontert fangsthytte frå Svalbard. Hytta står i dag utstilt i Polarmuseet i Tromsø (Eigne notatar).

Saltdalingen og Polarbjørn i 1939

I februar 1939 var Brandal-skutene *Polarbjørn*, *Polaris* og *Arktos* i samsegling på veg til fangstfeltet ved Newfoundland. Dei tre gjekk om Færøyane og sør for Island. *Quest* og *Selis* frå Tromsø var i ei anna samsegling og la ruta nord om Island. Ei tredje samsegling omfatta *Nyken* og *Saltdalingen* frå Gratangen og *Isfjell* frå Tromsø. Den sistnemnde samseglinga valde også ruta sør om Island, den same ruta som Brandal-skutene.

Sørvest av Island kom skutene ut i orkan, eit uver som overgjekk det aller meste av det sjølv dei mest garva veteranane hadde opplevt nokon gong tidlegare. Dei minste skutene - *Isfjell*, *Nyken* og *Saltdalingen* - gjekk alle ned i uveret. Den svenske Amerika-båten *Drotningholm* berga folka frå *Isfjell*, tju i talet. Dei atten i mannskapet på *Nyken* gjekk ned med skuta. Med det endra hendinga seg frå drama til ein stor tragedie. *Polarbjørn* og *Polaris* berga i fellesskap folka frå *Saltdalingen*, også dei atten personar. Ei tid var også *Arktos* - den største av skutene - frykta forlist. Etter kvart viste frykten seg ugrunna. Radioen på *Arktos* var sett ut av funksjon i uveret.

Frå *Polarbjørn* og *Polaris* vart det sett fangstbåtar på sjøen, ein båt frå kvar av dei to skutene. Berre det åleine skulle i teorien vere umogleg under dei rådande verforholda. Seks menn, tre i kvar båt, rodde over til *Saltdalingen*, i eit vilt ritt i nattemørker og i ein sjøgang som knapt lar seg skildre. Dei to fangstbåtane gjorde fleire vender og berga alle dei atten skipbrotne frå *Saltdalingen*. I orkan var berginga ein operasjonen der seks liv vart sett på spel for å berge flest mogleg av dei atten frå *Saltdalingen*. Dei som gjekk i fangstbåtane og rodde mot vraket, gjorde det frivillig. Dei visste kva dei gjekk til og kva sjansar dei tok. Trygve Nordanger skriv i boka *Dramaet i Nord-Atlanteren* om forlisa og bergingsaksjonen. Der skriv han følgjande:

'--- Mulighetene for heldig utfall kunne ikke settes til mer enn sjansen for det motsatte ---'.

Sagt med andre ord betyr dette at bergingsmennene sette sine egne liv inn på å gjennomføre berginga. Aksjonen lukkast fullt ut. Den var i alle ledd ein demonstrasjon av sjømannskap på absolutt toppnivå. Elleve av dei atten frå *Saltdalingen* kom om bord i *Polarbjørn*. Dei andre kom om bord i *Polaris*.

Men korleis gjennomførte dei seks bergingsmennene jobben? – Nordanger igjen:

'--- Jeg skal ikke gjøre noe forsøk på å forklare det de gjorde og gjennomførte, en slik "forklaring" vil så likevel bare ende opp i tøv ---'.

I fangstbåten frå *Polarbjørn* var førsteskyttar Knut Johannessen hamlemann. Fangstmennene Peder A. 'Pea' Brandal og Jon J. Egset var roarar. - Nordanger nok ein gong, om Jon sin reaksjon etter kraftinnsatsen:

'--- Jobben var gjort. De to brandalskutene kunne forlate "åstedet". - "5930 Nord, 2530 Vest"

ble det notert i journalen.

Jon forteller at reaksjonen for ham kom da han igjen stod med føttene på dekk. Han fant seg selv sittende på en tauveil inne i gangen. Hadde sittet der lenge uten å registrere annet enn at han var ombord.

Men fangstbåtene! spør du om. Hva gjorde de med dem etter endt jobb. De var da vel ikke så galne at de skulle berge dem også i dette været!

Jo, de tok inn igjen fangstbåtene sine. Hadde ikke råd til å forlise to gode båter, må du skjønne. ---'. (Nordanger 1980).

Nøkkelpersonane i bergingsaksjonen fekk offentleg heider for innsatsen. Skipperane Kristoffer Marø (*Polarbjørn*) og Peter P. Brandal (*Polaris*) fekk sølvpokalar med påskrift. Det same gjorde radiotelegrafist Øivind With frå Ålesund. Han var telegrafist på *Polarbjørn* og spelte ei avgjerande rolle i koordineringa av bergingsinnsatsen (Vollan 1951).

Alle dei seks som rodde fangstbåtane frå *Polaris* og *Polarbjørn* – blant dei Jon J. Egset - vart tildelt Medalje for Edel Dåd i sølv, etter innstilling frå regjeringa (Nordanger 1980; M. E. Haug: Personleg fråsegn).

Forliset til *Nyken*, der atten menneskeliv gjekk tapt, var ein stor tragedie, ikkje minst for Gratangen, der skuta hørde heime. Om mannskapet på *Saltdalingen*, også den frå Gratangen, hadde gått tapt på same måte, ville tragedien ha vorte dobbelt så stor, rekna i tal på tapte liv.

Slik gjekk det altså ikkje, takka vere bergingsinnsatsen frå *Polaris* og *Polarbjørn*. Dei elleve skipbrotne frå *Saltdalingen* følgde *Polarbjørn* fram til fangstfeltet. Dei var om bord i *Polarbjørn* og deltok i fangsten i om lag ein og ein halv månad, inntil det høvde å setje dei over på eit anna fartøy som tok dei inn til nord-amerikansk hamn, slik at dei kunne reise heim derifrå. Med dei elleve frå *Saltdalingen* var det 38 mann om bord i *Polarbjørn*.

Det var Kristian J. Egset og messegutten, den femten år gamle granneguten frå Rotset i Volda, Hans Håskjold, som sytte for mat og stell for dei alle. Det var ei vanskeleg oppgåve. Men det gjekk – som Nordanger skriv – etter lova om hjarterom og husrom.

Egsetstranda

Sommaren 1939 var Jon Egset ein av tre assistentar for topograf Thor Askheim frå Norges Svalbard- og Ishavsundersøkelser under arbeid med oppmåling og kartlegging på Hopen.

Thor Askheim hadde som topograf vore med *Polarbjørn* på fleire sommarekspedisjonar til Nordaust-Grønland tidlegare på 1930-talet. Askheim og Jon j. Egset kjende kvarandre truleg frå tidlegare ekspedisjonar.

I 1939 reiste dei fire over med *Maiblomsten* av Tromsøysund, som det året gjorde teneste som sysselmannsfartøy. Dei tilbrakte månadane juli og august på Hopen og losjerte i fangsthytter og telt. Veret var dårleg og gjorde arbeidsforholda vanskelege. Skodda låg heilt ned til havflata og gjorde sikten dårleg. Likevel fekk dei gjort kartlegging, vardebygging, måling av vass-stand og kystlinje. Dei etablerte også eit astronomisk punkt på Koefoedodden, heilt sørvest på øya (Søreide 1994).

Dette var berre få månader etter dramatikken i samband med forlisa i orkanen sørvest for Island. Gjetordet om den bergingsinnsatsen som Jon var med på å utføre, gjekk framleis blant ishavsfolk. Som topograf hadde Thor Askheim truleg ein viss innverknad på namngjeving i dei områda som han var med på å kartlegge. Askheim gav ei strandslette på Hopen namnet Egsetstranda, som heider til Jon for innsatsen ved berginga av *Saltdalingen*-mannskapet – '*til navnmessig odel og eie*' (Søreide 1994).

Egsetstranda på Hopen ligg på søraustsida av øya. Over Egsetstranda ruvar det 320 meter høge Werenskioldfjellet, oppkalla etter geografiprofessor Werner Werenskiold, son til teiknar og kunstmålar Erik Werenskiold. Frå 1949 var desse namna offisielle og kom med på kart over øya. Då hadde også Askheim vorte heidra med eit namn på øya. På nordvestsida av øya har ein odde fått namnet Askheimodden (Norsk Polarinstittutt 1991; Søreide 1994).

Werenskioldfjellet kom i internasjonalt fokus i 1978. Eit sovjetisk overvakingsfly styrta i austskråninga av fjellet. Alle om bord i flyet omkom (Søreide 1994). Det oppstod umiddelbart ei viss krise mellom Norge og Sovjetunionen, i det begge nasjonane ut frå sine eigne ulike interesser ønskte å rydde opp etter ulykka. I pressa verserte også spekulasjonar om det sovjetiske flyet kunne ha hatt atomvåpen om bord ved flystyrten (Eige minne).

Andre verdskrig

